



Møteprotokoll for Utval for drift og utvikling

Møtedato: 26.01.2016
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: 14:00 - 16:40

Møtet var leia av utvalsleiar Mabel Johansen.

Medlemmane var innkalla i skriv dagsett 18.01.2015.

Møtet starta med synfaring i samband med UDU.sak 05/2016.

Utvalet hadde pause frå kl 15.10-15.15.

Mabel Johansen, H, var ugild ved handsaming av UDU.sak 08/2016. Tormod Skurtveit, AP, overtok som møteleiar i denne saka.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Mabel Johansen	H	Utvalsleiar
Tormod Skurtveit	AP	Nestleiar
Fredrik Seliussen	H	Medlem
Åse Nina Sudmann	AP	Medlem
Henriette Fennelly	FrP	Medlem
Rune Lekven Skår	SP	Medlem
Erling Rønnestad	KRF	Medlem
Karina Garnes Reigstad	MDG	Medlem
Øystein Vikebø	AP	Varamedlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Asbjørn Larsen	AP

Desse møtte frå administrasjonen:

Sektorsjef teknisk Anny Bastesen, juridisk rådgjevar/byggjesakskonsulent Bjarte Buanes og juridisk rådgjevar/byggjesakskonsulent Tore Johan Erstad.

Etter handsaming av UDU.sak 05/2016 orienterte administrasjonen v/sektorsjef Anny Bastesen om delegasjonsreglemenet.

Juridisk rådgjevar/byggjesakskonsulent Bjarte Buanes orienterte om handsaming av dispensasjonsaker, delingssaker og byggjesaker med heimel i plan- og bygningslova.

Protokollfører: Lillian Straumøy Brakstad

Utval for drift og utvikling
28.01.2016

Mabel Johansen
Leiar

Lillian Straumøy Brakstad
Konsulent

Sakliste

Saknr	Tittel
01/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste
02/2016	Godkjenning av møtebok frå møte 17.12.2015.
03/2016	Referatsaker
04/2016	Delegerte saker
05/2016	Klage på avslag om dispensasjon frå arealformål i kommuneplan for frådeling og oppretting av ny grunneigedom til bustadformål på gbnr. 9/10 i Meland kommune
06/2016	GBNR 41/20 - Dispensasjon for tilkomstveg i strandsona - Klage frå Fylkesmannen i Hordaland
07/2016	GBNR 11/1 - Søknad om dispensasjon frå KPA - Oppføring av bustad på dyrkbar mark i LNF-spreidd område
08/2016	GBNR 23/501 - Haltejohansvika - Søknad om dispensasjon frå byggjeforbodet i strandsona - Rehabilitering av eksisterande ballbinge mv
09/2016	Aktuelle saker

01/2016: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

26.01.2016 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Henriette Fennelly, FrP, stilte spørsmål om kvifor administrasjonen ikkje legg fram alternative framlegg til vedtak i alle saker.

Sektorsjef teknisk Anny Bastesen orienterte om noverande praksis. Administrasjonen avventar nærare utgreiing frå rådmannen og formannskapet.

UDU - 01/2016 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

02/2016: Godkjenning av møtebok frå møte 17.12.2015.

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjent.

26.01.2016 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 02/2016 VEDTAK:

Møtebok frå møte 17.12.2015 vert godkjent.

03/2016: Referatsaker

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering.

26.01.2016 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 03/2016 VEDTAK:

Meldingane vert tekne til orientering.

04/2016: Delegerte saker

Rådmannen sitt framlegg:

Delegerte saker vert tekne til orientering.

26.01.2016 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 04/2016 VEDTAK:

Delegerte saker vert tekne til orientering.

05/2016: Klage på avslag om dispensasjon frå arealformål i kommuneplan for frådelling og oppretting av ny grunneigedom til bustadformål på gbnr. 9/10 i Meland kommune

Rådmannen sitt framlegg:

«Utval for drift og utvikling finn at klage journalført 19.11.2015 ikkje inneheld ny grunngeving eller nye opplysningar som tilseier at avslaget av 4.11.2015, sak 392/2015, vert omgjort. Klagen vert difor ikkje tatt til følge. Det vert vist til saksutgreiing og vurderinga over som grunnlag for vedtaket.

Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.»

17.12.2015 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Framlegg til vedtak frå Tor Oscar Maaseide, FrP:

"Saka vert utsett. Utvalet vil føreta synfaring på neste møte."

Ved røysting fekk framlegg til vedtak frå Tor Oscar Maaseide, FrP, 9 røyster for, 0 i mot og er samrøystes vedteke.

UDU - 93/2015 VEDTAK:

"Saka vert utsett. Utvalet vil føreta synfaring på neste møte."

26.01.2016 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Utvalet var på synfaring før vedtak vart fatta.

Administrasjonen orienterte om handsaming av klagesaker og kva som skal vurderast i ei slik sak.

Framlegg til vedtak frå Henriette Fennelly, Frp:

"UDU finn at klage journalført 19.11.2015, blir tatt til følge etter at synfaring viser at det vil gi store samfunnsnyttige fordeler, å tillate bygging på dette areal. "

Ved røysting fekk framlegg til vedtak frå Henriette Fennelly, FrP, 6 røyster for, 3 i mot (H, MDG) og er såleis vedteke.

Framlegg til vedtak frå administrasjonen fekk 3 røyster for, 6 i mot (AP, FrP, SP, KrF) og fall.

UDU - 05/2016 VEDTAK mot 3røyster (H,MDG)

"UDU finn at klage journalført 19.11.2015, blir tatt til følge etter at synfaring viser at det vil gi store samfunnsnyttige fordeler, å tillate bygging på dette areal."

06/2016: GBNR 41/20 - Dispensasjon for tilkomstveg i strandsona - Klage frå Fylkesmannen i Hordaland

Rådmannen sitt framlegg:

«Utval for drift og utvikling tek klagen frå Fylkesmannen i Hordaland til følge. Meland kommune avslår i medhald av pbl § 19-2 søknad om dispensasjon frå forbodet mot tiltak i LNF-områda i kommuneplanen sin arealdel og byggjeforbodet i strandsona, jf føresegnene til KPA punkt 1.6.0 og plan- og bygningslova § 1-8, for etablering av veg til fritidsbustaden på gbnr 41/20 over gbnr 41/2 og 41/7 som omsøkt.

For grunngjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiinga og vurderinga over.»

Alternativt framlegg til vedtak:

«Utval for drift og utvikling finn at klage frå Fylkesmannen i Hordaland dagsett 24.11.2015 ikkje inneheld ny grunngjeving eller nye opplysningar som tilseier at dispensasjonsvedtaket av 3.11.2015, sak 78/2015, vert omgjort. Klagen vert difor ikkje tatt til følge. Det vert vist til grunngjevinga frå tiltakshavar og grunngjevinga i vedtaket av 3.11.2015 som grunnlag for vedtaket.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd av setjefylkesmann oppnemnd av Kommunal- og moderniseringsdepartementet.»

26.01.2016 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Framlegg til vedtak frå Tormod Skurtveit, AP:

"Utval for drift og utvikling finn at klage frå Fylkesmannen i Hordaland dagsett 24.11.2015 ikkje inneheld ny grunngjeving eller nye opplysningar som tilseier at dispensasjonsvedtaket av 3.11.2015,

sak 78/2015, vert omgjort. Klagen vert difor ikkje tatt til følgje. Det vert vist til grunngjevinga frå tiltakshavar og grunngjevinga i vedtaket av 3.11.2015 som grunnlag for vedtaket.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd av setjefylkesmann oppnemnd av Kommunal- og moderniseringsdepartementet.»

Ved røysting fekk framlegg til vedtak frå Tormod Skurtveit, AP, 4 røyster for, 5 i mot (H, MDG, KrF, SP) og fall.

Framlegg til vedtak frå administrasjonen fekk 5 røyster for, 4 i mot (AP, FrP) og er såleis vedteke.

UDU - 06/2016 VEDTAK – MOT 4 RØYSTER (AP, FrP):

«Utval for drift og utvikling tek klagen frå Fylkesmannen i Hordaland til følgje. Meland kommune avslår i medhald av pbl § 19-2 søknad om dispensasjon frå forbodet mot tiltak i LNF-områda i kommuneplanen sin arealdel og byggjeforbodet i strandsona, jf føresegnene til KPA punkt 1.6.0 og plan- og bygningslova § 1-8, for etablering av veg til fritidsbustaden på gbnr 41/20 over gbnr 41/2 og 41/7 som omsøkt.

For grunngjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiinga og vurderinga over.»

07/2016: GBNR 11/1 - Søknad om dispensasjon frå KPA - Oppføring av bustad på dyrkbar mark i LNF-spreidd område

Rådmannen sitt framlegg:

«Utval for drift og utvikling gir i medhald av plan- og bygningslova § 19-2 dispensasjon frå forbodet i føresegn 3.2 til KPA mot oppføring av bustad på dyrka/dyrkbar mark på gbnr 11/1 i Meland kommune. Dispensasjon vert gjeve i samsvar med søknad journalført motteke 13.10.2015, supplert med situasjonskart 4.12.2015.

For grunngjeving av vedtaket vert vist til saksutgreiing og vurdering over. Byggjetiltaket kan ikkje setjast i verk før det er gjeve naudsynt byggjeløyve i samsvar med pbl kap 20. Dispensasjonen fell bort dersom tiltaket ikkje er nytta innan tre år, jf pbl § 21-9.»

26.01.2016 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 07/2016 VEDTAK:

«Utval for drift og utvikling gir i medhald av plan- og bygningslova § 19-2 dispensasjon frå forbodet i føresegn 3.2 til KPA mot oppføring av bustad på dyrka/dyrkbar mark på gbnr 11/1 i Meland kommune. Dispensasjon vert gjeve i samsvar med søknad journalført motteke 13.10.2015, supplert med situasjonskart 4.12.2015.

For grunngjeving av vedtaket vert vist til saksutgreiing og vurdering over. Byggjetiltaket kan ikkje setjast i verk før det er gjeve naudsynt byggjeløyve i samsvar med pbl kap 20. Dispensasjonen fell bort dersom tiltaket ikkje er nytta innan tre år, jf pbl § 21-9.»

08/2016: GBNR 23/501 - Haltejohansvika - Søknad om dispensasjon frå byggjeforbodet i strandsona - Rehabilitering av eksisterande ballbinge mv

Rådmannen sitt framlegg:

«Utval for drift og utvikling gir i medhald av plan- og bygningslova § 19-2 dispensasjon frå forbodet mot byggetiltak innanfor byggegrense mot sjø i kommuneplanen sin arealdel og det generelle forbodet mot tiltak i strandsona i plan- og bygningslova § 1-8. Dispensasjonen gjeld tiltak på gbnr 23/501 i Meland kommune i samsvar med søknad med vedlegg journalført motteke 19.11.2015, og omfattar alle tiltak som er skildra i nemnde materiale.

For grunngjeving av vedtaket vert vist til saksutgreiing og vurdering over.

Byggetiltaket kan ikkje setjast i verk før det er gjeve naudsynt byggjeløyve i samsvar med pbl kap 20.

Dispensasjonen fell bort dersom tiltaket ikkje er nytta innan tre år, jf pbl § 21-9».

26.01.2016 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Då utvalsleiar Mabel Johansen, H, er leiar i Frekhaugmarka Vel, ba ho utvalet ta stilling til om ho er ugild ved handsaming av denne saka.

Ved røysting fekk spørsmålet om ugild 8 røyster for, 0 i mot.

Mabel Johansen, H, fråtrådde møtet.

Nestleiar i utvalet, Tormod Skurtveit - AP, leia møtet ved handsaminga av saka.

UDU - 08/2016 VEDTAK:

«Utval for drift og utvikling gir i medhald av plan- og bygningslova § 19-2 dispensasjon frå forbodet mot byggetiltak innanfor byggegrense mot sjø i kommuneplanen sin arealdel og det generelle forbodet mot tiltak i strandsona i plan- og bygningslova § 1-8. Dispensasjonen gjeld tiltak på gbnr 23/501 i Meland kommune i samsvar med søknad med vedlegg journalført motteke 19.11.2015, og omfattar alle tiltak som er skildra i nemnde materiale.

For grunngjeving av vedtaket vert vist til saksutgreiing og vurdering over.

Byggetiltaket kan ikkje setjast i verk før det er gjeve naudsynt byggjeløyve i samsvar med pbl kap 20.

Dispensasjonen fell bort dersom tiltaket ikkje er nytta innan tre år, jf pbl § 21-9».

09/2016: Aktuelle saker

Rådmannen sitt framlegg:

26.01.2016 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 09/2016 :

Følgjande tema vart teke opp:

Tormod Skurtveit, AP - ansvar for vedlikehald/drift av veglys langs Fv 564, Hjertås-Fløksand og Mjåtveit-Dalstø.

Administrasjonen: BKK har ikkje overteke ansvar for vedlikehald/drift av overnemnde veglys. Inntil dette skjer er det Statens vegvesen som har ansvaret.

Fredrik Seliussen, H - ansvar for vedlikehald/drift av vegar i Mjåtveitmarka. Grunna usemje mellom utbyggjar og vellag er det ønskjeleg at administrasjonen kjem med ei utgreiing på eit seinare møte.

Administrasjonen: Utbyggjar har ansvar for vedlikehald/drift av vegar inntil kommunen overtek desse vegane. Kommunestyret har vedteke ny utbyggingsavtale etter Walde-konsernet sin konkurs. Administrasjonen kjem med utgreiing til neste møte.

Fredrik Seliussen, H - framdrift skuleutbygging.

Administrasjonen: Sagstad skule - tilboda er til vurdering. Grasdal skule - tilbodsinnhenting under arbeid.

Administrasjonen: For å tryggje at framlegg til vedtak som politkarane legg fram i UDU-møte er heimla i rette lover m.m., vil administrasjonen på neste møte leggje fram mal som kan/bør nyttast.
